



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/20	Kommunestyret	22.01.2020

Godkjenning av vedtekter for Bordgleder KF Kinn kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtektene vert godkjent slik dei ligg føre.

Kommunestyret 22.01.2020:

Handsaming:

Endringsframlegg, foreslått av Petter Karl Refsnes, Kinn Arbeiderparti

Endringsforslag felles for vedtektene i alle 3 sakene:

§ 7 pkt. 3. Siste setning: Varamedlemmer kan delta i styremøta med møte og talerett. Foreslår at denne setningen går ut.

Endringsframlegg, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

I samtlige vedtekter: § 14, 2. setning: "Styret vedtek forhandlingsresultatet" vert endra til "Styret behandlar forhandlingsresultatet og fattar vedtak med utgangspunkt i dette."

Begrunnelse: Det er styret som endelig vedtar lønn og tilsvarende forhold knyttet til § 14. Slik ordlyden er nå kan det se ut som styret er pålagt å vedta det resultatet styreleder og forhandlingsmotpart kommer frem til.

Framlegg løn, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Tillegg punkt 8,7:

Styret fastset også løn og andre vilkår for dagleg leiar. Styreleiar forhandlar med dagleg leiar i forkant av slik førehaving i styret.

Votering:

Endringsframlegg frå AP v/repr. Refsnes, § 7 pkt. 3. Siste setning utgår, samrøystes vedtatt.

Endringsframlegg frå MDG v/repr. Bovim, endring § 14, 2. setning, samrøystes vedtatt.

Endringsframlegg frå V v/repr. Nødseth, tillegg pkt. 8.7, samrøystes vedtatt.

KOST- 006/20 Vedtak:

Vedtektene vert godkjent slik dei ligg føre med følgjande endringar:

§ 7 pkt. 3. Siste setning utgår: "Varamedlemmer kan delta i styremøta med møte og talerett".

§ 14, 2. setning: "Styret vedtek forhandlingsresultatet" vert endra til "Styret behandlar forhandlingsresultatet og fattar vedtak med utgangspunkt i dette."

Tillegg punkt 8,7:

"Styret fastset også løn og andre vilkår for dagleg leiar. Styreleiar forhandlar med dagleg leiar i forkant av slik førehaving i styret."

Bakgrunn for saka:

Godkjenning av vedtekter for Bordgleder KF Kinn kommune.

Saksopplysningar:

Det følgjer felles og lik saksutgreiing for alle føretaka.

Etter at sakene vart utsett i førre kommunestyre har rådmannen endra følgjande:

- § 1 endra referanse til kommunelova kapitel 9
- § 7, 3 referanse i kommunelova endra frå § 65.3 til § 9-6
- § 8 punkt 1, siste ledd stroke tekst om tilsetting
- § 8 endra ordlyd om personalsaker slik at det er i samsvar med prinsippet i ny kommunelov
- § 9 punkt 2 endra referanse til kommunelova frå § 31 nr 3 til § 11-5
- § 9 punkt 5 endra referanse til kommunelova frå § 68 til § 9-9
- § 10 punkt 3 endra referanse til kommunelova frå § 71 nr 3 til § 9-12
-

Namn endra til *Kinn utdannings- og ressurscenter KF*

For Bordgleder KF er lokalisering ved Florø sjukehus tatt ut av vedtektene

Vurderingar:**Økonomiske konsekvensar:****Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:**

Kommunelova kap 9.

Vedlegg i saken:

Bordgleder KF, vedtekter

Godkjenning av vedtekter for Bordgleder KF Kinn kommune